

Referat frå møte i SU 15.12.16

Til stades:

Representant foreldrerådet 2, nestleiar FAU	Caroline Hjemdal
Representant elevrådet 1, leiar	June Espedal Rettedal
Representant elevrådet 2, nestleiar	Martin Fossan
Representant undervisningspersonale 1	Vara: Kjetil Langbakk
Representant undervisningspersonale 2	Ulrike S Løland
Representant andre tilsette	Linda Mansåker Hatleskog
Representant kommunen 1	Gunleif Haukelid
Representant kommunen 2	Ingunn Varhaug

Forfall:

Representant foreldrerådet 1, leiar FAU	Bjørn Ståle Rettedal
Representant undervisningspersonale 1	Trine Solmunde

Saker:

1. Godkjenning av møteinnkalling

Godkjent.

Rektor las frå Opplæringslova § 11-1 Samarbeidsutval ved grunnskolar. Der står det korleis SU skal vera sett saman. Mandatet til SU er at dei har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen. I Forsand er det også slik at det er SU som godkjenner skuleruta.

2. Informasjon om elevrådsarbeidet (av elevrådsrepresentantar)

- Elevane informerte om periode med leksefri på ungdomstrinnet. Dei har leksefri, men har leselekser som førebuing til timar. Ordninga skal evaluerast på avdeling u.tr. i januar + i elevrådet i januar.
- Elevar på u.tr. er trivselsleiarar i friminutt på småskulen og på mellomtrinnet. Det er veldig populært for dei yngre elevane, samt det er kjekt for elevane på u.tr. også. Denne informasjonen bør bringast vidare til foreldra.
- SU spør om elevrådet opplever at dei får gjennomslag for saker hos skuleleiinga? Svaret var at det gjer dei. Det varierer kva saker det gjeld og at nokre forslag ikkje er moglege å få medhald i.

3. Info om 5-dagars skuleveke – utfallet av saka i kommunestyret

Saka blei utsett i kommunestyret. Administrasjonen må koma med finansiering på fem nokså like lange dagar. Saka skal opp på ny 22.02.17. Skyss må bestillast, og det er ein dato som må overhaldast (03.02.17 er fristen for å melda endringar i skyssen frå hausten 2017).

4. Info om satsingsområda

Rektor informerte kort om at arbeidet med dei lokale læreplanane blir ferdig nå før jul. Vurdering for læring blir nytt satsingsområde. Lærarane meiner dei har hatt god nytte av læreplanarbeidet og blitt mykje meir medvitne i prosessen.

I vårsemesteret skal det gjennomførast skolevandring og Lesson Study (planlegging av «supertime»). Alle klassar vil ikkje få ein supertime, men ringverknadene vil alle elevane nytta godt at. Det handlar om å planleggja i detalj for betre læring, gjennomføring av time, observasjon av læring hos elevane, og evaluering.

5. Info om nasjonale prøver

Rektor gjekk gjennom resultatata på nasjonale prøver i 5., 8. og 9. klasse. Nokre er under snittet for Rogaland/Nasjonalt, medan andre er litt over. Foreldre får presentert resultatata for sitt barn på foreldresamtalane om hausten. Lærarane bruker resultatata i arbeidet med klassen/elevane framover.

Skulen har tatt konsekvens av at me har hatt låge resultat på NP tidlegare: nå har me mykje hurtigare bokstavinnlæring i første klasse. Ein har også meir fokus på å ta i bruk alt eleven kan i leseoppgåver.

6. Prosjekt Den gode skulen i Forsand – kor er me nå?

Informasjon om at prosjektet er i gang. Skulefagleg ansvarleg Ragnvald Riis er i gang med samtalar med alle tilsette på skulen (speed dating). Det er ønskeleg at Ragnvald informerer om jobben han gjer, utviklinga på positive og negative ting.

7. Ymse

- Trafikktryggleik i ordensreglementet: Det er ønske frå øvste hald i kommunen at ein har ei offensiv haldning til trafikktryggleik. Difor hadde ordførar ein aksjon for at elevar skal vera synlege på skulevegen (alle syklistar som mangla lys på sykkelen fekk montert lys, alle fekk refleks). SU bestemte at ordensreglementet skal ha litt endring i teksten:

Skulevegen

Elevar som sykklar til skulen skal ha sykkel som er i forskriftsmessig stand, det tyder bl a at sykkelen skal ha fungerande lys, refleksar og eleven bør bruka hjelm. Når elevar er på sykkeltur med skulen, skal dei bruka hjelm.

Elevar i første klasse som tar buss, sit fremst i bussen, så følgjer andre klasse osv. Alle skal sitja stilt på eitt sete, bruka setebelte under heile turen, ha ranselen på golvet ved føtene. Elevar som har rett på skyss, skal ha sitjeplass. Elevar som kjøper skyss, vil kunna måtta stå.

Foreldre skal få informasjon om denne endringa i juleskrivet frå rektor.

- Informasjon om avvikssystemet på skulen: Avvik bli registrert, levert til kontorkonsulent som systematiserer dei på kvar klasse, lagar oversikt som verneombod og rektor gå gjennom kvar månad. Dei ser på om rutinar bør endrast på. Dei lagar ein kommentar som går vidare til AMU.
- Møteplan for SU: Me ønskjer å ha fire møter pr år, i oktober, desember, februar og mai. Rektor finn forslag til datoar.
(Forslag: Torsdag 26.01. – godkjenning av skuleruta for 2017-2018
Torsdag 04.05.)

For rådmannen

Ingunn Varhaug
Leiar Seksjon skule

Referat frå møte i SMU 15.12.16

Til stades:

Representant foreldrerådet 2, nestleiar FAU	Caroline Hjemdal
Representant elevrådet 1, leiar	June Espedal Rettedal
Representant elevrådet 2, nestleiar	Martin Fossan
Representant undervisningspersonale 1	Vara: Kjetil Langbakk
Representant kommunen 1	Gunleif Haukelid
Representant kommunen 2	Ingunn Varhaug

Forfall:

Representant foreldrerådet 1, leiar FAU	Bjørn Ståle Rettedal
Representant undervisningspersonale 1	Trine Solmunde

Saker:

1. Godkjenning av møteinnkalling

Godkjent.

Rektor las frå Opplæringslova § 11-1a om skulemiljøutvalet og kva det organet skal vera til. SMU skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. SMU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet.

Neste gong vel ein leiar, nestleiar og sekretær. (Viktig at alle er der).

2. Olweus mobbeundersøking

Skulen har tradisjonen tru gjennomført Olweus mobbeundersøking i november/desember, i år den 6.12. Resultatet ligg klart i portalen nokre få dagar etterpå. Tala viser ein fin nedgang i talet på elevar som kjenner seg mobba 2-3 gonger pr månad eller oftare. 6,3% i 2016 (9,2% i 2015). Mobbinga skjer for det meste på skuleplassen, veldig lite skjer på skulevegen og på bussen. Mobbinga er verbal, går gjerne på utsjånad. Ingen blir utestengde 0% i 2016, 40% i 2015. Ingen har blitt slått/sparka (0% i 2016, 30% i 2015). I år er det 0% som krysser av på at dei har blitt mobba digitalt, i 2015 var det 20%.

Elevar som vedgår at dei har mobba andre: 1,1% i 2016, 0,9% i 2015.

Ingen har mobba digitalt, heller ikkje i fjor.

Trivselen: Svært god trivsel 13,7% (53,3% i 2015)

God trivsel: 61,1% (17,8% i 2015)

Verken godt eller dårleg: 16,8% (28,9% i 2015)

Dårleg: 5,3% (0% i 2015)

Svært dårleg: 3,2% (0% i 2015).

Caroline lurar på om det er låg terskel for å kalla negative ting for mobbing?

Kjetil svarer at det blir jobba veldig mykje med å læra opp elevane i kva som er plaging og kva som er mobbing.

Ikkje kjekt at trivselen har gått ned. Det vil skulen jobba med. Opplegget med trivselsleiarar på mellom- og barnetrinn er eitt viktig tiltak som har vist seg å vera positivt og populært.

3. Ymse

- Møteplan: Brukar å ha to møter pr skuleår, neste møte blir i mai.
- Viktig at referata blir presentert til alle tilsette på skulen. Gjerne både som oppslag og elektronisk. Gjerne også i fellestid.

For rådmannen
Ingunn Varhaug
Rektor/Leiar Seksjon skule